

**Torsdag skal formannskapet handsama eit forslag frå rådmannen om å inngå kontrakt med Dale Entreprenør i Dalekvam og firmaet Rør-Dykk i Hagavik om utbygging av avløpsanlegg i Uskedalen. Dale Entreprenør skal ha ansvaret for grunn- og leidningsarbeider og Rør-Dykk for sjøleidningar. Ein føresetnad for inngåing av kontraktane er at alle grunnavtalar er i orden. Kostnadsramma er på 5,58 millionar for heile anlegget. Då er også to nye pumpestasjonar med og det er allereie inngått kontrakt med Grundfos Pumper om levering av desse. Her er prisen 1,1 million..**



Pumpestasjonen blir lagt i dette området. (Foto: Torfinn Myklebust)

I byggetrinn 2, som skal i gang over nyttår, skal spillvatnet overførast frå Beinavikjo til Uskedalen Brygge for sanering av dagens utslepp. Så skal det byggjast ein avløpspumpestasjon som pumpar spillvatnet via sjøleidning gjennom Holmsund til ein ny avløpspumpestasjon ved Uskedalen skule.

Opprinneleg var denne stasjonen planlagt lagt mellom Aktivitetshuset/skulen og badestranda, men etter nærare vurdering skal han flyttast inn på skulen sitt område.

Denne stasjonen vert mata med spillvatn der samt spillvatnet frå den eksisterande avløpspumpestasjonen ved Rabben Feriesenter. Det skal lagast leidningar som sanerar ei rekkje private avløp som dei frå SPAR og Vertshuset og fører til den nye pumpestasjonen. Denne skal pumpa spillvatnet via sjøleidning til kum i vegkrysset mellom riksvegen og vegen ned til Børnes. Herifrå skal spillvatnet så renna med sjølvfall ned til det nye reinseanlegget på Børnes.

Det kom 3 tilbod for grunn- og leidningsarbeider og 4 for leggjing av sjøleidningar. Dei to som no truleg vil få kontraktane vert vurdert som dei økonomisk mest fordelaktige for kommunen.

Av Ola Matti Mathisen